

Dagmar Ølnes Lotsberg  
Kjørnes  
6856 Sogndal

Sogndal, 4. januar 2010

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

### **Feil opplysningar frå Johannes Idsø. Dykkar sak nr. 09/3512, arkiv nr. 423.1**

Eg viser til brev frå Johannes Idsø av 23.12.2009 der han påstår at eg har halde tilbake informasjon i klagen min av 20. juni 2009. Eg viser til at Sogndal kommune sende kopi av klagen min til Aud Jorun Ølnes og Johannes Idsø den 24.06.2009. Begge to har underteikna svarbrevet av 25.06.2009 der dei skriv at dei ikkje har nye opplysningar. (Sjå dok. 7 og 8 i oversendingsbrevet frå Sogndal kommune til Fylkesmannen av 1.12.2009). Etter å ha granska gamle byggjesaker i Sogndal kommune i eit halvt år, påstår Johannes Idsø no at eg likevel har halde tilbake viktig informasjon. Dette er mildt sagt ein latterleg påstand!

Eg har lese gjennom klagen min på nytt, og kan ikkje sjå at eg har gjeve feil eller misvisande informasjon på noko punkt.

Dei to fyrste punkta Johannes Idsø skriv om eigedomstilhøva, har eg ingen merknader til. Det tredje punktet er derimot bløff. Då byggjesaka vart handsama i Sogndal kommune i 1994 (sak BY 94/0043), fekk søkjaren oppmoding om å velje ei tomt på oppsida av vegen. Deretter vart det søkt om og gjeve løyve til bygg i landbruket utan frådelling av tomt (sak BY 94/0052). Det er derfor ingen tvil om at huset det er søkt om tilbygg til, ligg i sameiga i dag. Dette kan Johannes Idsø enkelt få stadfesta med ein telefon til kommunen eller ved å sjå på eigedomskartet som han har fått utskrift av tidlegare! Det er rart at han bløffar om noko som er så enkelt å kontrollere for alle!

For ordens skuld vil eg nemne at det ligg to bygningar til i sameiga: Det gamle uthuset og garasjen like ved den kommunale vegen. Garasjen vart oppført i 1972 då eg kjøpte bil saman med syster mi.

Når det gjeld påstanden om at eg skal ha bygd garasje med eit ugyldig byggjeløyve, viser eg til brev frå Gunnar Lotsberg av i dag. Han bygde garasjen etter fleire års planlegging utan at det kom fram innvendingar av noko slag frå meg eller syster mi. Gunnar og eg fekk dette utmarksarealet som ei gåve frå far min då vi bygde huset vårt i 1978. Det vart ikkje frådelt tomt sidan eg hadde odelsrett og skulle overta garden seinare. I byggjesaka frå 1978 går det også fram at dette med tida ville bli det nye hovudhuset på gnr. 1, bnr. 10. I møteboka til Sogndal jordstyre står dette under sak 3/78:

*”Ein forstår det slik at det er meininga at Dagmar Solfrid med tid og stund skal få skjøte på heile eigedomen.”*

Av saksdokumenta går det klart fram at det var far min som gav desse opplysningane til sakshandsamaren i kommunen. Dersom Johannes Idsø leitar etter nabovarsel frå 1977, vil han finne ut at det vart sendt nabovarsel til gnr. 1/7, 1/8,9 og 1/11. I 2006 hadde Sogndal kommune overteke det arealet som grensa mot desse eigedomane i 1977.

Kommunen var sjølvsagt klar over at Gunnar hadde alle naudsynte fullmakter på eigedomen fram til Johannes Idsø starta dei merkelege prosessane sine med god hjelp frå advokat Louis Anda i 2008.

Johannes Idsø framstiller saka fullstendig feil i dette avsnittet:

*”Slik står saken i dag:*

*Dagmar Ølnes Lotsberg har fått bygge en garasje på 47,5 m<sup>2</sup> utan tillatelse frå medheimelsinnehaveren, mens aud Jorun Ølnes blir nektet å sette opp et tilbygg på 12m<sup>2</sup> med begrunnelse at hun ikke har tillatelse fra medheimelsinnehaveren.”*

Sanninga er at på dette tidspunktet eksisterte det ingen medheimelsinnehavar fordi heimelen til gnr. 1/10 ikkje var overført frå far min, Henrik Ølnes, som døydde i 1999. Sidan ingen av oss hadde planar om aktiv gardsdrift, vart vi einige om å overføre heimelen til ei eller begge jentene mine når dei vart ferdige med utdanninga. Det kom dermed som ei stor overrasking då advokat Louis Anda fekk tinglyst overføring av halve eigedomen til den yngre systera mi den 8. januar 2009 utan å orientere meg. På dette tidspunktet var eg heller ikkje informert om at advokat Anda handla på oppdrag for Johannes Idsø.

Advokat Louis Anda har kravd jordskifte for å få delt eigedomen i to. Fram til denne saka er avklart, vil bygging på eigedomen kunne endre verdisetjing og få konsekvensar for ei eventuell deling. Eg har god tru på at jordskifteretten vil avvise det grunnlause kravet, men fram til dette skjer, må eigdomstilhøva reknast som omstridde.

Med helsing

Dagmar Ølnes Lotsberg

Gunnar Lotsberg  
Kjørnes  
6856 Sogndal

Sogndal, 4. januar 2010

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

### **Nye opplysningar i klagesak? Dykkar sak nr. 09/3512, arkiv nr. 423.1**

Eg viser til brev frå Johannes Idsø av 23.12.2009 der han påstår at Dagmar Ølnes Lotsberg har halde tilbake informasjon i ei klagesak. I brevet skriv han m.a:

*”Dagmar Ølnes Lotsberg har selv fått tillatelse til å bygge en dobbelgarasje med grunnflate på 47,5 m2. Denne garasjen ble ferdig for ca ett år siden. Her er det to forhold som en skal merke seg:*

- 1. Garasjen er bygd uten å sende nabovarsel til noen av naboene. (Se vedlagt stadfesting fra Sogndal kommune.)*
- 2. Garasjen er bygd uten at Dagmar Ølnes Lotsberg har fått tillatelse av medheimelsinnehaveren Aud Jorun Ølnes. (Se stadfesting frå Sogndal kommune).”*

Måten dette er skrive på, gjev inntrykk av at Dagmar Ølnes Lotsberg har teke seg til rette og bygd garasje med eit ugyldig byggjeløyve. Det er synd at Johannes Idsø må setje fram slike krenkjande og usanne påstandar i denne saka. Dersom han hadde stilt spørsmålet på ein annan måte, ville han ha fått denne forklaringa på kvifor kommunen gav negativt svar på begge spørsmåla han stilte:

1. Det er korrekt at det ikkje vart sendt nabovarsel i 2006. Den godkjende reguleringsplanen for Kjørnes III, viser at Sogndal kommune er den einaste naboen til garasjen min. For å vere på den sikre sida, tok eg kontakt med tenesteleiar Einar Nedrelo i Sogndal kommune og fekk avklart at kommunen ikkje skulle ha nabovarsel i tillegg til melding etter plan- og bygningslova.

Sogndal kommune inngjekk avtale om sal av Kjørnes III den 4. desember 2006 etter at eg hadde fått byggjeløyve. Då eg sende byggjemelding for garasjen, var kommune eigar av det gule og det mørkegrøne arealet på utsnittet av reguleringsplanen for Kjørnes III som er vist på neste side. Kommunen eig også vegen som deler eigedomen i to. I dag er det Vikane AS som eig tomtearealet. Garasjen min er oppført omtrent der det står 7,3 daa JORDBRUK.

Dei tre husa på nedsida av kommunevegen, tilhøyrrer gnr. 1 bnr. 10 og skulle sjølvstilt ikkje ha nabovarsel for eit byggjeprosjekt på den same eigedomen. Elles viser eg til dette punktet i Pbl §94:

”Kommunen kan frita søkeren for å varsle naboer og gjenboere når deres interesser ikke berøres av arbeidet. Kommunen kan kreve at også andre eiere eller festere enn de som er nevnt i foregående ledd, skal varsles.”



2. Sogndal kommune har svart korrekt på det utspekulerte spørsmålet frå Johannes Idsø. Dagmar Ølnes Lotsberg har ikkje fått byggjeløyve fordi ho har aldri søkt Sogndal kommune om å byggje garasje! Det var eg som planla og bygde garasjen i full forståing med begge systrene. Rydding av skog og planering av veg fram til garasjetomta, vart utført i 2005. Aud Jorun Ølnes hadde sjølvsagt ingen innvendingar fordi bygging av garasje ville frigjere meir lagerplass på den gamle låven, og ho såg også fram til å kunne disponere den gamle fellesgarasjen, som ligg lengst til høgre på kartskissa, til sin eigen bil heile året. Den einaste negative kommentaren eg kan hugse, er at arbeidet gjekk litt i seinaste laget fordi det var basert berre på eigeninnsats. For å bøte på dette, sette eg opp eit provisorisk tak for traktoren hausten 2005 slik at ho fekk disponere den gamle garasjen åleine vinteren 2005/2006. Eg nemner dette for å vise at samarbeidet fungerte godt heilt fram til Johannes Idsø kom på banen og prøvde å ta kontroll over eigedomen i 2008.

Eg kan ikkje sjå at desse to punkta inneheld ny informasjon som det ville ha vore naturleg å nemne i ei klagesak. Aud Jorun Ølnes har sjølvsagt kjent til sanninga heile tida. Eg viser til det ho skreiv til Sogndal kommune den 25. juni 2009 som kommentar til klagen frå Dagmar Ølnes Lotsberg:

”All informasjon som er relevant for denne saka er gjeve i tidlegare brev. Me har derfor ingen nye opplysningar å komme med.”

Johannes Idsø skreiv også under på brevet hennar den 25. juni, og eg finn det svært merkeleg at han no prøver å produsere falske opplysningar for å få Fylkesmannen til å ta opp igjen ei tapt sak.

Men helsing

Gunnar Lotsberg